



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/25	viltutvalet	21.10.2025

Svar på høyring - hjorteviltstrategi

Samandrag:

Landbruksdirektoratet har sendt forslag til ny hjorteviltstrategi ut på høyring.

Administrasjonen tilrår at viltutvalet gjev uttale slik det går fram av tilrådinga.

viltutvalet 21.10.2025

Behandling:

Endringsframlegg, foreslått av Hans-Ole Låbakk,

Viltutvalet har følgjande uttale til høyring om ny hjorteviltstrategi:

Viltutvalet i Ulstein kommune er godt nøgd med forslag til ny hjorteviltstrategi. Utvalet trur at denne kan bidra til betre forvaltning av våre hjorteviltartar.

Samarbeid på tvers av forvaltningseiningar er viktig for å kunne få til dette på ein god måte. Difor er utvalet godt nøgde med at det vert lagt vekt på grenselaus forvaltning. Fokus på samarbeid gjennom bestandsplanar og forvaltningsmål på tvers av kommune- og fylkesgrenser bør prioriterast.

Påkøyrslar er eit stort problem i nokre kommunar. For kommunar med små viltfond, går gjerne ein stor del av dette til å dekke kostnader ved offentlege ettersøk. Det er difor positivt at det no skal vurderast om kostnadane knytt til handteringa på påkøyrte vilt kan dekkast med andre midlar enn viltfondet. Dette vil gjere til at kommunane i større grad kan fokusere på andre tiltak.

Det er og positivt at det skal utarbeidast rettleiar om kva som kjenneteiknar robuste bestandar av hjortevilt. Her bør det og utarbeidast ein eigen rettleiar som er retta mot jegerar og jaktrettshavarar. Rettleiaren bør innehalde kjenneteikna for ein robust bestand, og positive tiltak som jegeren kan gjere.

Endringsframlegg frå Hans-Ole Låbakk vart samrøystes vedteke.

VIL - 25/25 Vedtak

Viltutvalet har følgjande uttale til høyring om ny hjorteviltstrategi:

Viltutvalet i Ulstein kommune er godt nøgd med forslag til ny hjorteviltstrategi. Utvalet trur at denne kan bidra til betre forvaltning av våre hjorteviltartar.

Samarbeid på tvers av forvaltningseiningar er viktig for å kunne få til dette på ein god måte. Difor er utvalet godt nøgde med at det vert lagt vekt på grenselaus forvaltning. Fokus på samarbeid gjennom bestandsplanar og forvaltningsmål på tvers av kommune- og fylkesgrenser bør prioriterast.

Påkøyrslar er eit stort problem i nokre kommunar. For kommunar med små viltfond, går gjerne ein stor del av dette til å dekke kostnadar ved offentlege ettersøk. Det er difor positivt at det no skal vurderast om kostnadane knytt til handteringa på påkøyrte vilt kan dekkast med andre midlar enn viltfondet. Dette vil gjere til at kommunane i større grad kan fokusere på andre tiltak.

Det er og positivt at det skal utarbeidast rettleiar om kva som kjenneteiknar robuste bestandar av hjortevilt. Her bør det og utarbeidast ein eigen rettleiar som er retta mot jegerar og jaktrettshavarar. Rettleiaren bør innehalde kjenneteikna for ein robust bestand, og positive tiltak som jegeren kan gjere.

Kommunalsjef teknisk si tilråding:

Viltutvalet har følgjande uttale til høyring om ny hjorteviltstrategi:

Viltutvalet i Ulstein kommune er godt nøgd med forslag til ny hjorteviltstrategi. Utvalet trur at denne kan bidra til betre forvaltning av våre hjorteviltartar.

Påkøyrslar er eit stort problem i nokre kommunar. For kommunar med små viltfond, går gjerne ein stor del av dette til å dekke kostnadar ved offentlege ettersøk. Det er difor positivt at det no skal vurderast om kostnadane knytt til handteringa på påkøyrte vilt kan dekkast med andre midlar enn viltfondet. Dette vil gjere til at kommunane i større grad kan fokusere på andre tiltak.

Det er og positivt at det skal utarbeidast veileidar om kva som kjenneteiknar robuste bestandar av hjortevilt. Her bør det og utarbeidast ein eigen veileidar som er retta mot jegerar og jaktrettshavarar. Veiledaren bør innehalde kjenneteikna for ein robust bestand, og positive tiltak som jegeren kan gjere.

Vedlegg:

Høyringsinnspel - hjorteviltstrategi

Saksopplysninger:

Landbruksdirektoratet har frå Landbruks- og matdepartementet fått i oppdrag å sende utkast til ny hjorteviltstrategi ut på høyring. Høyringsfristen er sett til 01.11.2025.

Utkastet til hjorteviltstrategien er delt opp i 5 tema; Grenselaus forvaltning, arealbrukskonflikter, vilthelse, framtidens jaktutøving og hjortevilt som næring.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen tilrår viltutvalet i Ulstein å sende inn svar på høyringa slik det går fram av vedlegg og tilråding.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen.

Konsekvensar for folkehelsa: Avgrensa.

Miljøkonsekvensar: Generelt positive.

Økonomiske konsekvensar: Jf. det som er sagt i strategien om viltfond.

Beredskapsmessige konsekvensar: Avgrensa.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen.

Arne Runar Vik Bjørnar Eikenes
Kommunalsjef teknisk Sakshandsamar

Vedlegget "Høyring - hjorteviltstrategi" vart lagt til 15.10.2025.